

Handball

Styret 2002:

Leiar: Tony Lillefosse
Nestleiar /
økonomiansvarleg Atle Bøe
Kasserar: Jarle Rønnestad
Skrivar: Atle Vestheim
Styremedlem: Anne Britt Mjelstad

Valnemnda har bestått av : Eli Hole, Kari Hestnes og Jostein Reigstad.

Styret konstituerte seg 5.2.. Det har vore avvikla 2 styremøtar i året som har gått.

Året som har gått i korte trekk:

1. Laga: Me har 49 betalande medlemmer fordelt på 4 lag, jenter 11, 13 og 15 samt eit damelag i serien Me har 7 engasjerte trenarar, 6 for aldersbestemte og 1 for damelaget. Også i år har me spelt med dispensasjon for inntil 3 spelarar pr. lag. Me har eit godt tilbod til jentene men har ikkje klart å få "inn" nok gutar til å melde på lag i serien. Me har nokre trufaste gutar som har fylgt treningane til J 11 og me vonar at desse klarer å få med seg nokre til slik at me kan få nok spelarar til å melde på eit gutelag til hausten.
2. Sportsleg: Me har satsa på å få til ei betre ramme rundt laga våre noko me har lukkas delvis med. På trenarsida har me 7 faste trenarar og me har danna ei sportsnemnd med Kate Gundersen som leiar. Dessverre slutta ho grunna flytting. Styret ser det som viktig å ha ei aktiv sportsnemnd som kan ta seg av og koordinera dei sportslege aktiviteten i gruppa.
3. Økonomi: Styret har også i år jobba målretta og med sterkt fokus på økonomi. Me har fått fullteikna arenareklamen noko som sikra oss langsiktige inntekter, sjå vedlagd økonomirapp.
4. HaFo: Ein av målsetninga til handballgruppa er nådd, etter lang tids og nøye målretta arbeid med tanke på investeringane som handballgruppa har gjort vedrørende forskotering av innkjøp av utstyr som skiljevegg, 6 minihandballmål og merking av hallen på tvers, er no HaFo turneringa blitt ein realitet. Turneringa vert avvikla 22. – 23.2. i Osterøy Hallen og det er påmeldt 28 lag. I løpet av turneringa vil det verta avvikla totalt 75 kampar. I denne samanheng vil leiar på det sterkaste trekkja fram Atle Bøe som har vore primus motor for turneringa som i mangt anna i handballgruppas aktivitetar. Turneringa er eit samarbeidsprodukt mellom fotballgruppa og handballgruppa kor sistnemnde har hovudansvaret. Målsetninga er at turneringa skal verta eit årvisst foretak i lang tid frametter.